

200 ved Fjellandsbøvatnet

20.01.2013



Dei mest optimistiske anslaga gjekk ut på at det var 200 på og ved Fjellandsbøvatnet i føremiddag.

Det var i alle fall eit myldrande liv på den sterke og fine isflata og folk kosa seg og trivdes. Forbausande mange hadde tydelegvis fått skeiser til jul!



Bjørn Olav Tveit med følge kosa seg verre..

Allereie sist søndag var isen anslagsvis 14 centimeter tjukk

og utan at det har vore fleire målingar er det grunn til å tru at han no er 20 centimeter. Berre der ein bekk kjem ut er det grunn til å ta seg i akt når ein går utpå.



Folk som hugsar tilbake meiner det er lenge sidan det var så mange som boltra seg på isen. Temperaturen var også brukbar og fleire tente bål og steikte pølser. Sola varma også litt og det var ei oppleving for dei mange i bygda som framleis er inne i mørketida....
Fleire bar og fram ein takk til dei som har fått opp ei ljostmast der bekken kjem ut. Den har ein god effekt og gjer aktivitetdagen lengre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



